

Velkommen som student på Samfunnsfag 1, 1–7, hausten 2020!

Gratulerer med godt val av stadium! Du er varmt velkommen til samarbeid om eit spennande skulefag. Me på samfunnsfag-seksjonen ser fram til å møta deg, og me vil gjera vårt beste for at du skal få eit godt fagleg utbyte av studiet.

Samfunnsfag 1 er eit heiltidsstudium haustsemesteret 2020. Slik det no ser ut (med gjeldande status for covid-19-tiltaka), vil det som hovudregel vera undervising på campus Breistein to vekedagar, medan ein tredje dag kan det vera ekskursjon (i bergensområdet) eller undervising på Zoom. Men programmet kan variera litt frå veke til veke. Studiet har første samling onsdag 12. august kl 12.

Studentgruppa i samfunnsfag 1 er i hovudsak sett saman av både studentar på 1.-7.-utdanninga (første eller andre studieår) og 5.-10.-utdanninga (andre studieår). Dei fleste undervisingsøktene vil vera felles for dei to utdanningane, men nokre økter vert skilde. Det vert ikkje ordinær undervising i praksisperioden (vekene 38-40) eller i studieveka (veke 41), men emnet har nokre arbeidskrav i denne perioden.

Dersom du har lyst å starta lesinga før studiestart, så kan du for eksempel skaffa deg denne boka, som står på planen tidleg i studiet:

Eidsvik, E., Kolstad, E. W., Nielsen, P. R. & V. Vågenes. (2019). *Verda og vi* (s. 12–211; 270–307). Det norske samlaget.

Ein detaljert undervisingsplan og annan informasjon vert tilgjengeleg via faget si side på læringsplattforma Canvas frå medio august. Her vil du også finna kompendium med ein god del av pensumlitteraturen.

Elles finn du emneplanen for studiet med litteraturliste her:

<https://www.nla.no/studietilbud/emner/2020/mgl1sa101/>

Vel møtt 12. august!

Vennleg helsing

Åshild Samnøy
Førstelektor i samfunnsfag og emneansvarleg

